



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3307 - 20/10595

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2020

Løyve til reseksjonering - gbnr 188/757

Bakgrunn for saken:

Advokatfirmaet Vikse AS har på vegne av sameige Knarvikparken sendt inn søknad om reseksjonering av eigedomen gbnr. 188/757. Søknaden er underteikna av styret i sameige. Eigedomen utgjer per dags dato eit seksjonssameige beståande av totalt 37 seksjonar, 36 bustadseksjonar og 1 næringsseksjon.

Reseksjoneringa gjeld endring av sameigebrøk for ein rekke seksjonar i sameige. Det er opplyst at seksjonane fekk feil sameigebrøk ved seksjonering av eigedomen, og det søkes derfor om reseksjonering.

Det er gitt ferdigattest på bustadbygget på eigedomen.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert reseksjonering av gbnr. 188/757 godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
5	544/31776	Bustad	B
6	709/31776	Bustad	B
7	593/31776	Bustad	B
8	649/31776	Bustad	B
9	918/31776	Bustad	B
10	645/31776	Bustad	B
11	826/31776	Bustad	B
12	797/31776	Bustad	B
13	786/31776	Bustad	B
14	1079/31776	Bustad	B
15	993/31776	Bustad	B
16	922/31776	Bustad	B
17	1131/31776	Bustad	B
18	798/31776	Bustad	B
19	645/31776	Bustad	B
20	826/31776	Bustad	B
21	797/31776	Bustad	B
22	787/31776	Bustad	B
23	1079/31776	Bustad	B
24	991/31776	Bustad	B
26	1131/31776	Bustad	B
27	796/31776	Bustad	B
28	645/31776	Bustad	B
29	826/31776	Bustad	B
30	797/31776	Bustad	B
31	788/31776	Bustad	B
32	1079/31776	Bustad	B

Faktiske opplysninger:

Søknad om resekjoning er innsendt til kommunen og har følgjande vedlegg:

- Vedtekter for sameige
- Samtykkje frå berørte heimelshavarar
- Samtykkje frå pantehavarar
- Eigarliste
- Kopi av tinglyst seksjoneringsbegjæring

Det er ikkje sendt inn planteikningar i denne resekjoningssaka då den kun gjeld endring av sameigebrøk.

Vurderinger:

Kommunen finn at søknad om resekjoning både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjoning slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekviert med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsamning og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for egedomen etter seksjoning saman med saksdokumenta sendt rekviert.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoningssaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om reseksjonering

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101

TØNSBERG